



Notat

Dato: 19.12.2018
Arkivsak: 2017/485-69
Saksbehandlar: rolrose

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Retningslinene for TT-ordninga i Hordaland

På møte i rådet den 5. desember 2018 vart det etter forslag frå **Inge Fiskvik (FFO)** vedteke fylgjande oversending.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer at setninga «Brukarar som får grunnstønad til transport får halv kvote.» vert fjerna frå retningslinene.

Dette med grunnlag i at brukargruppa som mottok grunnstønad til transport allereie får fråtrekk i stønaden for TT-ytelsar, Jfr. § 6-3 fyrste ledd bokstav b i Rikstrygdeverket sitt rundskriv om grunnstønad i folketrygdlova. Ein oppretthaldelse av dagens formulering i retningslinene vil seie at gruppa vert trekt dobbelt for same ytelse.»

Ytingane grunnstønad til transport og transportordninga for funksjonshemma skal dekkja dei same type reiser. Det er fritidsreiser og andre reiser som ikkje er dekkja av andre stønadsordningar som pasientreiser og skuleskyss. Grunnstønad til transport er behovsprøvd, og skal dekkja «*nødvendige ekstraavgifter som medlemmets medisinske lidelser medfører*» (Rtv rundskriv). Innafor ei råde på kr 8.232 – kr 41.052 per år (2019 tal) skal brukaren såleis få dekkja meirkostnadane som ein har pga sjukdom eller funksjonshemming. TT-ordninga er ikkje behovsprøvd på same måte,- tildeling skjer kun ut frå medisinske kriteria.

I ovannemnde rundskriv heiter det om samordning mellom ytingar:

Grunnstønad skal også ligge i bunnen i forhold til fylkeskommunale og kommunale transportordningar for funksjonshemmede. Dette betyr at dersom medlemmet faktisk mottar en fylkeskommunal eller kommunal transporttjeneste (f.eks. TT-kort eller ledsagerbevis), skal det tas hensyn til dette. Dersom medlemmet f.eks. er innvilget TT-kort, må antall reiser/beløp fremkomme. Medlemmets eventuelle restbehov for transport må utredes nærmere og vil kunne medføre grunnstønadsberettigede ekstraavgifter. NAV kan ikke kreve at medlemmet søker om fylkeskommunal/kommunal transporttjeneste før en tar stilling til et krav om grunnstønad.

Det fylgjer av dette at NAV vil trekkja frå andre stønader som brukaren mottok, når ein fastset grunnstønad til transport. Når brukaren har halv TT-kvoteprosent så vil NAV trekkja ut verdien av halv kvote, og når ein har heil kvote så vil verdien av heil kvote bli trekt ut. Den totale ytinga til brukaren vert den same. TT-kvoten vil

uansett ikkje koma på toppen av behovsprøvd grunnstønad til transport, med mindre brukaren har eit behovsprøvd transportbehov som går utover maksimal grunnstønad på kr 41.052.

Det kan oppstå situasjonar der ein brukar får TT-kvote på toppen av grunnstønaden. Det kan skje når ein som søker om godkjenning som TT-brukar alt har grunnstønad. Ein vil då få ein halv brukarkvote på toppen av grunnstønaden. Etersom ein stønadmottakar har opplysningsplikt ovanfor NAV om tilhøve som kan påverka grunnlaget for grunnstønadsutrekninga, vil ein slik situasjon kun vara i ein kortare periode.

Slik dette no vert gjort, vil ytinga til transport til brukar med grunnstønad bli fordelt mellom NAV og fylkeskommunen. Bakgrunnen for at reglementet vart endra på dette punktet frå 01.07.2018, var at det frå fylkeskommunen si side vart vurdert at det ikkje er rimeleg å «subsidiera» NAV si grunnstønadsordning med full TT-kvote.